



## Sogn regionråd

# Møteinkalling

**Utval:** **SOGN REGIONRÅD**

**Møtestad:** Villmarka, Leikanger

**Møtedato:** 14.09.2018

**Tid:** 09:00 - 14:35

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærmere avtale.

## Dagsorden

- 0900-0910      Ordførar Jon Håkon Odd ønskjer velkommen til Leikanger
- 0910-0940      Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag  
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
- 0945-1130      Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 15.6.2018  
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1130-1215      Lunsj
- 1215-1245      Prosjekt om klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn og Nasjonalt  
kunnskapssenter om berekraftig klimatilpassing  
Forskinsleiar Halvor Dannevig, Vestlandsforskning
- 1245-1315      Vidareføring av prosjekt Skog i Sogn  
Skogbrukssjef Jørgen Hundseth, Balestrand kommune
- 1315-1325      Pause
- 1325-1400      Bibliotek som møteplass og formidlingsarena  
Fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen og biblioteksjef Gry Hatlelid, Årdal  
kommune. Biblioteksjfane i regionen deltek.
- 1400-1415      Orientering om stadleg leiing ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla.  
Stadleg leiar Margun Thue, Helse Førde
- 1420-1435      Veterinarbeid i indre Sogn  
Kristin Ruudsveen, NVIO Indre Sogn
- 1435              Vel heim!

## **Sakliste**

Saksnr.	Arkivsaksnr. <b>Tittel</b>
<b>11/18</b>	18/2796-2 <b>Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag</b>
<b>12/18</b>	18/3043-1 <b>Integrering og inkludering</b>
<b>13/18</b>	18/2968-2 <b>Profiling til Framtidsfylket sine karrieremesser</b>
<b>14/18</b>	18/3013-1 <b>Møteplan for 2019</b>
<b>15/18</b>	18/2903-1 <b>Budsjettramme for 2019 Sogn regionråd</b>
<b>16/18</b>	18/472-7 <b>Orienteringssaker Sogn regionråd</b>

Sogndal, 31. august 2018

Jan Geir Solheim  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/2796

Arkiv: U64

**Saksnr.:** Utval  
11/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 11/18

### Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag

#### Tilråding:

Sogn regionråd er positiv til at Visit Sognefjord utgreier moglege løysingar for reisemålsbidrag som del av masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035. Utgreiinga vil innehalde utfordringar, modellar og forslag til reisemålsbidrag.

Det er føresett at Visit Sognefjord samkøyrer utgreiinga med relevante aktørar i regionen.

Sogn regionråd tek stilling til forslag til løysing når det ligg føre.

#### Vedlegg:

Notat om fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag frå Visit Sognefjord, 16.7.2018

#### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

Fellesgodefinansiering vart teke opp som tema i regionrådsmøtet før sommaren og rådet ba om at saka vart løfta inn i regionrådet.

Visit Sognefjord har utarbeidd eit notat som følgjer vedlagt. Det vert lagt opp til at regionrådet gjer prinsippvedtak i dette møtet om at det vert laga ei utgreiing av løysingar, og at rådet i eit seinare møte tek stilling til føreslått modell og kjem med tilråding til kommunane om forslag til løysing.

Visit Sognefjord vil utgreie moglege løysingar for fellesgodefinansiering som del av masterplanen for Sogn. I tillegg til Visit Sognefjord ønskjer fylkeskommunen, Fjord Norge, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland kommune og andre destinasjonar i fylket avklaring av moglege løysingar for reisemålsbidrag.

Sogn er eit av dei største reisemåla i Noreg og har årleg om lag 750 000 dagsbesøkjande i regionen der tal innbyggjarar er 33 000. Vekstraten i sommarsesongen er på 12 prosent. Innan 2030 kan Sogn ha dobbelt så mange tilreisande om den globale veksten held fram.

Investeringar i fellesgode og reisemålsutvikling må aukast vesentleg i åra som kjem for å kunne utvikla Sogn som reisemål i samsvar med UNTWO (World Tourism Organization) sine ti prinsipp for berekraftig reiseliv.

Fleire andre land har løyst finansiering av fellesgode med reisemålsbidrag. Notatet inneholder nokre døme på reisemålsbidrag. Visit Sognefjord meiner at det vil vera nødvendig med å

etablera løysingar for fellesgodefinansiering for å sikre forutsigbarheit og tilstrekkeleg nivå på reisemålsutviklinga.

I Norge vil dette krevje ei lovendring som vart vurdert i Meld. St. 19 (2016-2017) *Opplev Norge – Unikt og eventyrlig*. Meldinga vart handsama i Stortinget i mai 2016 og det var tverrpolitisk einigkeit om ikkje å opna for turistskatt i Noreg. Ulempene som vert trekt fram er mellom anna at ein reiselivsskatt kan virke konkurransevridande i negativ forstand, vil gje administrative kostnader og vil binda opp midlar og hindra ordinære budsjettmessige prioriteringar. Vurderingar for å innføre reisemålsbidrag er mellom anna at turistar er vande med å betala reisemålsbidrag i andre land, at så godt som heile bidraget vil gå til investeringar og at kommunane og staten framleis må finansiera investeringar.

**Vurdering:**

Visit Sognefjord meiner ei mogleg løysing kan vera å laga ei forskrift-/lovendring som gir enkeltkommunar/fylke høve til innføre næringsavgift og turistavgift. Regjeringa har gitt signal om at det kan opnast for frivillige og regionavgrensa avgiftsinnkreving som ei prøveordning. Dette vil krevje ei endring i eksisterande lovverk.

Visit Sognefjord foreslår at det blir etablert ei prøveordning i fem år for Verdsarvområda og Sogn om reisemålsbidrag på overnatting, cruise, fritidseigedommar og anna turistrelatert næring i tillegg til årleg marknadsbidrag til Visit Sognefjord. Ei slik prøveordning krev at kommunane, Verdsarvparken og Visit Sognefjord står samla om å få på plass ei nasjonal lov-/forskriftsendring som gjer dette mogleg.

Notatet inneholder oppsummering og førebelse tilrådingar frå Visit Sognefjord. Ei utgreiing vil omhandla utfordringar, modellar og løysingsalternativ som grunnlag for vidare arbeid. Administrasjonen tilrår rådet å gjere prinsippvedtak om å støtte utgreiingsarbeidet. Når utgreiinga ligg føre med forslag til modell og løysing vil saka bli lagt fram for handsaming i rådet.

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/3043

Arkiv: 130 &amp;73

**Saksnr.: Utval**  
12/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 12/18

## Integrering og inkludering

### Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 70 000 av regionale utviklingsmidlar for 2018 til gjennomføring av arbeidsseminar om inkludering og integrering.

### Vedlegg:

Notat om inkludering og integrering av 20.8.2018

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

Sogn regionråd har integrering og inkludering som eit arbeidsområde i regionalplanen for 2017-2020. Det overordna målet i regionalplanen er at Sogn skal ha minst like god arbeidsplassvekst som i fylket elles og at Sogn skal ha folketalsvekst som er større enn det som har vore veksten siste ti åra. Integrering og inkludering inngår i satsingsområde attraktiv buregion som har følgjande delmål : «Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen».

Strategiane som er nedfelt i vedteken regionalplan om integrering og inkludering er at Sogn regionråd skal vera:

- pådrivar for eit godt utdanningstilbod for personar med minoritets-/ innvandringsbakgrunn som er tilpassa kommunane og næringslivet sine behov
- medverka til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Tiltaket i handlingsplan for 2018 er at regionrådet skal delta i samarbeid for å styrke sysselsetjinga blant innvandrarar og flyktningar for betre inkludering i lokalsamfunnet.

### Vurdering:

Sogn regionråd har over tid arbeidd for å profilere regionen for tilflytting mellom anna gjennom deltaking i karrieremesser. Dette arbeidet skal vi halda fram med. Samstundes bør vi retta meir fokus på at innvandrarar som alt er i vår region blir buande.

1 av 10 innbyggjarar i Sogn innvandrar. Ifølgje NAV skårar fylket vårt lågare enn andre i høve norskopplæring og busetjing av flyktningar, og det er stor arbeidsløyse blant innvandrarar i fylket.

God inkludering kan medverka til at vi klarer å behalde fleire av dei som kjem til vår region. Mål og strategiar i regionplanen viser at rådet ser inkluderingsarbeidet som tiltak for å auka folketalet i regionen og at det bør skje i eit samarbeid mellom kommunane, lokalt næringsliv og frivillig sektor.

Samarbeidet kan ta ulike former og med deltagarar frå kommunane og med eksterne aktørar. Dette kan vera alt frå deling av erfaringar og kunnskap i nettverk til konkret, formalisert samarbeid om mål og oppgåver og felles tiltak. Kva samarbeidsform som er best eigna innan inkluderingsarbeidet bør drøftast i løpet av hausten.

Administrasjonen foreslår at regionrådet tek initiativ til eit arbeidsseminar med hovudtema: Kva skal til for at flyktingar, familieinnvandrarar og arbeidsinnvandrarar vel å bli buande i Sogn og at vi beheld dei i vår region?

Arbeid er nøkkelen til integrering. Gjennom ei kartlegging og analyse kan vi få tydelegera fram utfordringar, behov og moglegheiter i inkluderingsarbeidet. Seminaret bør vise verktøy og metoder for sterke arbeidslivstilknytting samt fokus på praktiske døme. Kva finst det av gode eksempel som kan vera relevante for oss å sjå på. Innspel og drøfting på seminaret vil også bli lagt til grunn for å definere og velja ut arbeidsområde og vurdera samarbeidsform.

Det vert elles vist til vedlagde notat som skisserer innhaldet i arbeidsseminaret. Notatet vart lagt fram for rådmannsgruppa i sist møte. Rådmannsgruppa gav innspel til deltagarar til arbeidsgruppa som blir med i førebuingane til seminaret. Distriktsenteret blir også med i arbeidet.

Administrasjonen tilrar at det vert sett av inntil kr 70 000 av regionale utviklingsmidlar for 2018 til gjennomføring av seminaret, til honorar og reiseutgifter for innleiarar og leige av møtelokale.

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/2968

Arkiv: 061

**Saksnr.:** Utval  
13/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 13/18

### **Profilering til Framtidsfylket sine karrieremesser**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 30 000 av regionale utviklingsmidlar for kvart av åra i 2018 og 2019 for å profilere Sogn til Framtidsfylket sine karrieremesser.

#### **Saksutgreiing:**

##### **Bakgrunn:**

Sogn regionråd har som tiltak i handlingsplanen at vi koordinera kommunane si deltaking med felles profilermateriell og felles regionstand på Framtidsfylket sine nettsider. Vi har også som tiltak at vi skal formidla dei gode historiene slik at Sogn blir profilert og synleg på Framtidsfylket sine nettsider. Desse tiltaka er knytta til delmålet i regionalplanen om felles profilering og merkevarebygging for å skape bulyst og at Sogn er ein livskraftig region.

Vi har mellom anna gitt innspel til Framtidsfylket si kartløysing «Bu i Sogn og Fjordane» for at deira nettside skulle bli enno betre til å profilera Sogn som felles bu- og arbeidsmarknadsregion, jf bustadstrategien frå 2016 der dette er eitt av områda. Heller enn å etablere noko i tillegg til, bruker vi det som alt finst for å profilera regionen og få fram ledige stillingar og at Sogn er ein god stad bu.

Vi fornyar jamnleg materiellet til Framtidsfylket sine karrieremesser. Dei siste åra har vi hatt brosjyre retta mot dei som vil starta eiga verksemrd. Den interne evalueringa og innspel frå mellom anna HR-/personalnettverket og kommunale leiarar er at vi bør få enno betre fram kva spennande og varierande jobbar som finst i kommunen som organisasjon.

#### **Vurdering:**

Flyttestraumen går ut av fylket. Mange unge menneske flyttar til byar for å studere, og dei fleste kjem ikkje attende. Dei fleste brukarane av nettsida til Framtidsfylket er unge menneske som har tilknytting til eller interesse for regionen. Å vise Sogn på denne nettsida gir oss høve til å framheva karrieremoglegheitene, fritidstilbod og oppvekstmiljø i regionen. Dei gode historiene frå Sogn byggjer omdømme og kan inspirera fleire potensielle tilflyttarar og heimflyttarar til å sjå etter jobbar i regionen.

Det bør lagast ny brosjyre til neste års karrieremesser som får fram dei spennande karrieremoglegheitene i kommunane. Brosjyra vil legge grunnlaget for anna materiell som rollup som viser jobbmoglegheitene og med forslag til artiklar til Framtidsfylket si nettside. På den måten bruker vi den etablerte nettsida til å få fram gode forteljingar frå tilflyttarar i Sogn. Framtidsfylket utarbeider sjølv innhaldet til nettsida si, vårt bidrag vil vera utifrå dei historiene

vi bruker til vår brosjyre. Arbeidet med å utforme innhold og design av materiellet bør gjerast av eksterne som tenestekjøp. Til messene tek vi også med, slik vi har gjort dei siste åra, flygeark med oversikt over ledige stillingar i kommunane.

Det er sett av kr 150 000 av regionale utviklingsmidlar for 2018 til rekrutteringsarbeidet, og same sum er sett av i forslag til budsjetttramme for 2019. Delar av midlane går til tilskot til Framtidsfylket sine messer og til regionen sin standavgift. Administrasjonen tilrår å bruke noko av desse midlane til å fornye materiell til karrieremessene (brosjyre, flygeark, rollup), og som forlenging av det laga artiklar som både kan brukast til fellesbrosjyre på regionstanden og på Framtidsfylket si nettsida.

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/3013

Arkiv: 033 &amp;85

**Saksnr.: Utval**  
14/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 14/18

### **Møteplan for 2019**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2019:

#### Regionrådsmøte:

31. januar  
24. april  
14. juni  
1. november  
6. desember

#### Møte for interkommunale selskap:

26. april  
18. oktober

#### **Saksutgreiing:**

Forslag til møtedatoar er:

Torsdag 31. januar, Bergen (karrieremesse)  
Onsdag 24. april, Aurland (entreprenørskapsmesse)  
Fredag 14. juni, Høyanger  
Fredag 1. november, Luster  
Fredag 6. desember, Årdal

Grunna valet vert det ikkje sett opp rådsmøte i midten av september.

Utanom to av møta som er lagt i samband med karrieremesse i Bergen (januar) og entreprenørskapsmesse i Aurland (i april) er regionrådsmøta lagt til fredagar. Møtestader elles i oversikta over kan endrast. Om det er aktuelt med ordførarsamling kjem den i tillegg.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar:  
26. april og 18. oktober.

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/2903

Arkiv: 150

---

**Saksnr.:** Utval  
15/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 15/18

### Budsjettramme for 2019 Sogn regionråd

#### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2019 slik det ligg føre.

#### Vedlegg:

Framlegg til budsjettramme for 2019

#### Saksutgreiing:

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 8 635 000. Det er budsjettet med eksterne inntekter kr 2 176 000, kontingen kr 3 518 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 330 000. Kontigenten dekker regionale utviklingstiltak med kr 150 000 og drift med kr 3 368 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule). Omfanget av utføring av oppgåver fra GIS-koordinator til SIMAS er redusert med kr 53 000 og vil bli dekka av fondsmidlar for 2019.

Eksterne midlar er knytta til kompetanseutvikling i barnehagar, psykologisk folkehelse, fylkeskommunale utviklingsmidlar og læringsmiljøprosjektet.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 611 000 eksl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Vedlegget viser oversikt over kostnadsfordeling for kommunenett og GIS-løysing.

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane vert budsjettramma lagt fram for regionrådet i dette møtet. Budsjett for 2019 vil bli handsama i regionrådsmøtet 7. desember 2018.

Framlegg til budsjettramme for 2019 følgjer vedlagt.

**Vedlegg****Framlegg til budsjettramme for 2019**

		Budsjett 2018	Budsjett 2019
7501 Sekretær			
10100 Løn faste stillinger		797 000	818 000
11002 Abonnement		2 000	2 000
11003 Faglitteratur og kartverk		2 000	2 000
11300 Telefonutgifter		3 000	3 000
11401 Andre annonser		4 000	4 000
11403 Representasjon (gåver og møteutgifter)		10 000	10 000
11500 Kurs og konferanser		10 000	10 000
11704 Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)		12 000	12 000
12002 Data- og kommunikasjonsutstyr		4 000	4 000
12701 Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune		265 000	272 000
17500 Refusjon frå andre kommunar		-1 109 000	-1 137 000
			0
7502 Drift råd SR			
11151 Servering		50 000	50 000
11403 Representasjon (gåver og møteutgifter)		20 000	20 000
11704 Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)		20 000	20 000
17500 Refusjon frå andre kommunar		-90 000	-90 000
			0
7503 Rådmann SR			
11151 Servering		10 000	10 000
17500 Refusjon frå andre kommunar		-10 000	-10 000
			0
7510 Kommunenett SR			
11301 Datakommunikasjon, linjeleige og drift		1 060 000	1 060 000
17500 Refusjon frå andre kommunar		-1 036 000	-1 036 000
17750 Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar		-24 000	-24 000
			0
7511 IKT SR			
11953 Kontingantar og medlemsskap		18 000	18 000
17500 Refusjon frå andre kommunar		-18 000	-18 000
			0
7512 GIS-koordinator			
11151 Servering		5 000	5 000
11300 Telefonutgifter		7 000	7 000
11500 Kurs og konferanser		30 000	30 000
12701 Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune		5 000	5 000
14500 Overføring til andre kommunar		826 000	847 000
15500 Avsetjing til bundne fond		0	0
17500 Refusjon frå andre kommunar		-799 000	-820 000
17750 Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar		-74 000	-21 000
19500 Bruk av bundne driftsfond		0	-53 000
			0

	7513 GIS-løysing		
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	700 000	718 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-559 000	-575 000
17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-141 000	-143 000
		0	
	7520 Psykisk helse		
14700	Overføring til andre (private)	50 000	0
19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	0
		0	
	7521 Psykologisk folkehelse		
10300	Løn ekstrahjelp/engasjement	826 000	847 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	50 000	50 000
18106	Andre statstilskot	-410 000	-410 000
18900	Overføring frå andre (private)	-431 000	-442 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-35 000	-45 000
		0	
	7550 RUP SR		
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg.pl.	140 000	140 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - Kun budsjett	280 000	280 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-125 000	-125 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-195 000	-195 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-110 000	-110 000
		0	
	7551 Reiseliv SR		
14700	Overføring til andre (private)	250 000	250 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	-150 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000
		0	
	7555 Rekruttering SR		
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	-80 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-70 000	-70 000
		0	
	7557 Ungdom SR		
11500	Kurs og konferanser	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
		0	
	7558 Skule adm SR		
10100	Løn faste stillingar	820 000	841 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	0	0
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000

11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	15 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	5 000
12701	Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	102 000	102 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-972 000	-993 000
			0
	7559 Skule kompetanse		
14900	Avsetjing til seinare fordeling - Kun budsjett	767 000	0
18106	Andre statstilskot	-767 000	-251 000
14700	Overføring til andre private	0	251 000
			0
	7560 Skule Entreprenørskap		
11500	Kurs og konferanser	140 000	140 000
11703	Anna persontransport	100 000	100 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-25 000	-25 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	-75 000
18500	Overføring frå kommunar	-25 000	-25 000
18900	Overføring frå andre (private)	-40 000	-40 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-75 000	-75 000
			0
	7561 Skule fagnettverk SR		
14500	Overføring til andre kommunar	380 000	390 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-300 000	-300 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-80 000	-90 000
			0
	7563 Barnehage SR		
11500	Kurs og konferanser	305 000	305 000
14700	Overføring til andre (private)	15 000	15 000
18106	Andre statstilskot	-320 000	-320 000
			0
	7571 Læringsmiljøprosjektet		
14500	Overføring til andre kommunar	0	767 000
18106	Andre statstilskot	0	0
19500	Bruk av bundne driftsfond		-767 000
			0

**Kontigent for 2019**

<b>Kommune</b>	<b>Folketal 01.01.18</b>	<b>Fast del</b>	<b>Variabel del</b>	<b>Sum 2019</b>	<b>Sum 2018</b>
Aurland	1778	195 444	94 989	290 433	285 103
Balestrand	1262	195 444	67 422	262 866	258 981
Høyanger	4154	195 444	221 925	417 370	410 897
Leikanger	2345	195 444	125 280	320 725	313 633
Luster	5223	195 444	279 036	474 480	461 204
Lærdal	2153	195 444	115 023	310 467	304 576
Vik	2674	195 444	142 857	338 301	334 049
Sogndal	8059	195 444	430 548	625 992	607 257
Årdal	5277	195 444	281 921	477 365	472 302
<b>Totalt</b>	<b>32 925</b>	<b>1 759 000</b>	<b>1 759 000</b>	<b>3 518 000</b>	<b>3 448 000</b>

**Drift av kommunenett 2019**

<b>Kommune</b>	<b>Folketal 01.01.18</b>	<b>Fast del</b>	<b>Variabel del</b>	<b>Sum 2019</b>	<b>Sum 2018</b>
Aurland	1778	64 750	32 012	96 762	96 955
Balestrand	1262	64 750	22 721	87 471	87 962
Leikanger	2345	64 750	42 220	106 970	106 777
Luster	5223	64 750	94 036	158 786	157 580
Lærdal	2153	64 750	38 763	103 513	103 659
Vik	2674	64 750	48 143	112 893	113 805
Sogndal	8059	64 750	145 096	209 846	207 861
Årdal	5277	64 750	95 008	159 758	161 401
<b>Totalt</b>	<b>28 771</b>	<b>518 000</b>	<b>518 000</b>	<b>1 036 000</b>	<b>1 036 000</b>

**Drift av GIS-løysing 2019**

<b>Kommune</b>	<b>Folketal 01.01.18</b>	<b>Fast del</b>	<b>Variabel del</b>	<b>Sum 2019</b>	<b>Sum 2018</b>
Aurland	1778	35 938	17 767	53 705	52 314
Balestrand	1262	35 938	12 611	48 548	47 462
Leikanger	2345	35 938	23 433	59 370	57 614
Luster	5223	35 938	52 192	88 129	85 026
Lærdal	2153	35 938	21 514	57 452	55 932
Vik	2674	35 938	26 720	62 658	61 407
Sogndal	8059	35 938	80 531	116 469	112 157
Årdal	5277	35 938	52 731	88 669	87 088
<b>Totalt</b>	<b>28 771</b>	<b>287 500</b>	<b>287 500</b>	<b>575 000</b>	<b>559 000</b>

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 18/472

Arkiv: 062

**Saksnr.: Utval**  
16/18 Sogn regionråd

**Møtedato**  
14.09.2018

**Sak** 16/18

**Orienteringssaker Sogn regionråd 14.9.2018**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag  
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
7. Prosjekt om klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn og Nasjonalt kunnskapssenter om berekraftig klimatilpassing  
Forskingsleiar Halvor Dannevig, Vestlandsforskning
8. Vidareføring av prosjekt Skog i Sogn  
Skogbruksjef Jørgen Hundseth, Balestrand kommune
9. Bibliotek som møteplass og formidlingsarena  
Fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen og biblioteksjef Gry Hatlelid, Årdal kommune.  
Biblioteksjefane i regionen deltek.
10. Orientering om stadleg leiing ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla.  
Stadleg leiar Margun Thue, Helse Førde
11. Veteranarbeid i indre Sogn ved Kristin Ruudsveen, NVIO Indre Sogn